



Byggpartner Kvinnherad ekspanderar og det har vorte for trangbodd for firmaet på Ytre Eik med omsyn til kontorplass. Difor flyttar firmaet kontoret sitt til sentrum og om frå ein til to veker får to personar arbeidsplassen sin ved sida av Byggeriet - Uskedal Trelastlager som Byggpartner leigar av.

Her blir det no innreia 30 kvadratmeter kontorplass og seinare skal det byggjast utelager på baksida, opplyser Frode til uskedalen.no.

Ellers er han no godt igong med det store byggeprosjektet sitt på Ytre Eik. Forskalinga av den fyrste grunnmuren har starta.

Fram til no har han vore åleine på kontoret, men 1. oktober kom ein nyttilsett byggjeleiar på plass og no er dei totalt åtte tilsette.

(Foto: Ola Matti Mathisen)